

Avtale mellom ASTAMR og Bjørnafjorden kommune

27.04.2022 Saksnummer: 22/3238

1. Partar

Denne avtalen er inngått mellom;

Astamr, organisasjonsnummer: 828100602 kontaktperson: Tareq Abuowda

og

Bjørnafjorden kommune, organisasjonsnummer: 844 458 312
kontaktperson: Agnete Haugland

2. Bakgrunn og formål med avtalen

ASTAMR vil sette ut EL-sparkesyklar i Bjørnafjorden kommune og har kontakta kommunen for å få informasjon og drøfte soner og regulering for bruk av EL-sparkesyklar og bruk av kommunal eigedom for parkering.

Etter møte mellom ASTAMR og Bjørnafjorden kommune fredag 8. april og mandag 25. april 2022 har partane inngått avtale om å sette ut 50 stk. EL-sparkesyklar på vestsida i Bjørnafjorden kommune i løpet av veke 18.

3. Avtaleperiode og justering av avtalen

Bjørnafjorden kommune har sett i gang arbeid med ei lokal forskrift som gjeld utleige av små elektriske kjøretøy på offentlig grunn. Forskrifta vil bli heimla i lov 18. juni 2021 nr. 139 om *utleie av små elektriske kjøretøy på offentlig grunn* § 3 og § 4
[Lov om utleie av små elektriske kjøretøy på offentlig grunn - Lovdata.](#)

Den lokale forskrifta skal til politisk behandling sommar/haust 2022. Fram til forskrifta er politisk vedtatt vil den følgande avtalen vere gjeldande. Dei delane av denne avtalen som vil bli regulert i forskrift vil gjelde fram til lokal forskrift er vedtatt og tredd i kraft.

5. Overordna krav til leverandøren ASTAMR

- Partane skal ha kontakt om løysingane regulert i denne avtalen ved behov dersom det er trong for justeringar av sonene.
- Leverandør må forplikte seg til jamlege dialogmøte med Bjørnafjorden kommune.
- Sparkesyklane skal vere utstyrt etter dei krav lovverket stiller til sykklar med blant anna bremser, ringeklokke og lys framme og bak.
- Leverandør skal informere brukaren om trafikkreglar og korleis dei skal ta i bruk sparkesyklane på ei trygg måte.
- Leverandør skal instruere brukaren om korleis syklane skal bli parkert slik at det blir god plass for gåande, rullestolbrukarar, barnevogner og andre å passere.

4. Sonekart

Med grunnlag i avklaringar i dei eksisterande møta har kommunen utarbeida eit overordna sonekart for ferdsel av EL-sparkesyklar (vedlagt). Dette sonekartet skal vere grunnlaget når ASTAMR skal programmere geofencing for sparkesyklane.

Anbefalinga er at ferdsel i hovudsak skjer i område med gang- og sykkelveggar og at bruken skal bidra til auka mikromobilitet. Kommunen har i tillegg utarbeide sonekart for *køyring forbode sone, sakte sone og parkeringsplass på kommunal eigedom*.

ASTAMR må sjølv kontakte private grunneigarar på øvrige parkeringsplassar dei ser som hensiktsmessig. ASTAMR held kontakt med Vestland fylkeskommune for eventuell parkering ved busstopp.

4.1 Fart og soner

- Syklane skal ha avgrensa hastigheit på maks 20 kilometer i timen og sakte sone 5 kilometer i timen.
- Syklane skal vere utstyrt med teknologi for å kunne avgrense bruken av syklane geografisk (geofencing), for eksempel rundt skular, på gravplass og kaianlegg.

- EL-sparkesyklane skal vere programmert til automatisk å sette ned hastigheit i områda som er definert som sakte sone. Aktuelle soner blir bestemt av kommunen. Farten skal kunne senkast frå normal toppfart på 20 kilometer i timen til 5 kilometer i timen.

4.2 Stengt nattestid

El-sparkesyklane skal være deaktivert, og dermed ikkje vere moglege å bruke mellom midnatt 24.00 og kl 05.00.

5. Krav til opprydding og plassering

- Leverandør skal fortløpande fjerne øydelagt og defekte sykklar, rydde vekk sykklar som er til hinder for anna ferdsel og fjerne sykklar som er kasta i sjøen, i parkar, i friområde, på strender og andre plassar der sparkesyklane ikkje skal vere.
- Ved opphøyr av avtalen skal tjenestetilbydar rydde alle sykklar og eventuelt anna utstyr, og syte for at desse blir behandla forsvarleg. Farleg avfall som batteri, elektriske komponent, olje etc. skal behandlast som spesialavfall.
- Bjørnafjorden kommune har ikkje ansvar for handtering av slikt og vil fakturere leverandøren dersom opprydding likevel blir påkrevd.
- Leverandøren skal sjølv følge trafikkreglane i drift av tjenesten. For eksempel skal biler som er i bruk i drift (for å hente inn sparkesyklar) ikkje stoppe i sykkelfelt, gangfelt og på fortau.
- El-sparkesyklane skal ikkje utplasserast når det er fare for snø og/eller is.

6. Krav til datatilgang og deling av sensordata

- Leverandøren skal levere opne data til kommunen. Dette omfattar alt frå kvar sykklane er stilt opp til ruter dei køyrer, når dei er mest brukt, fart, soner (geofencing), samt batterinivå og andre sensordata.



- Kommunen skal ikkje dele data frå leverandør med andre kommersielle aktørar, men skal dele samla data intern i kommunen for å ha kontroll og høve til å justere bruken. Kva data som skal bli levert, i kva format og når det skal bli levert skal avtalast i dialog mellom leverandør og kommunen.

Os, den 28. april 2022

Signatur:


Bjørnafjorden kommune, Agnete Haugland


ASTAMR, Tareq Abuowda